

Klage på gebyr i sak om parkeringsplass og veg

Saka gjeld gbnr 84/4

Referansar: 22/257 - 22/64272

For sakshandsaminga i denne saka vart søkjarane fakturert kr. 37659 (sjå vedlegg faktura og fakturagrunnlag).

Grunnlaget for gebyret er, etter det eg forstår, at fristen for handsaminga tok til å gjelda frå 03.07.22 då tilleggsdokumentasjon frå søkjar vert motteken.

Sjølve søknaden vart sendt inn til Alver kommune så tidleg som 10.01.22. Første svaret me fekk frå kommunen var eit brev dagsett 22.06.22 der sakshandsamaren bad om utfyllande opplysningar. Desse vart så sende inn 03.07.22.

Alver kommune har såleis hadde søknaden vår liggjande i over 6 månader utan å gje oss noko svar, eller be oss om utfyllande opplysningar. I denne tida har eg purra fleire gongar. Eg har på telefon vore i kontakt med to sakshandsamarar på byggesaksavdelinga (Ingrid Bjørge Pedersen og Lariss Dahl), som begge lova å sjå på saka. Dei hadde då rikeleg høve til å finna ut om det mangla noko i søknaden og be oss om å fylla ut det som mangla. Det skjedde ikkje. Saka har dermed lagt ubehandla i byggesaksavdelinga i over 6 månader – utan at noko har vorte gjort med den.

Dette er uforsvarleg sein sakshandsaming.

Etter byggesaksforskrifta paragraf 7-4 og 7-6 skal gebyr reduserast dersom kommunen ikkje gje svar på søknad innan dei sette fristane.

Me ber difor om at Alver kommune ettergjev gebyret me har fått, subsidiert at gebyret vert redusert etter satsane i paragraf 7-6.

Vennleg helsing

John Ragnar Myking

John Ragnar Myking